

Kristian Samuelson Kenneth Samuelson
Flatøyvegen 62 Solberget 37
5918 Frekhaug 5918 Frekhaug

Flatøy 23.05.17

Meland Kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Merknad til planlagt utviding av plangrense og revisjon av planprogram for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy.

Planlagt utviding av plangrense i sør vil medføre at planen vil grensa mot planområdet for nytt kollektivt trafikknutepunkt. For sistnemnde plan er planområdet endra slik at undergang/kulvert under E39 ikkje lenger er innanfor plangrensene. Ei endring av planområdet for Midtmarka og Rotemyra må difor også omfatta kulverten eller på annan måte sikra formålstenleg tilkomst for Flatøy Sør/Aust. Dette kan t.d. løysast gjennom å sikra tilkomst til eksisterande og ny busetnad sør og aust for E39 ved hjelp av Hjelten bru.

Administrasjonen har i undervegs møte for kollektivterminal/innfartsparkering ytra ønskje om at kulvert skal takast med i denne planen og hevda at dimensjon på kulvert i dag set stoppar for utbygging av område B1 på Flatøy, som i arealplanen er avsett til bustadformål. I oppsummeringa frå møtet står følgjande: *«Det er framleis tidleg i planprosessen, men dei store linjene for ny terminal/parkering er lagd. Viktig no er å avklara kor vidt ein skal løyse tilkomst til Flatøy Aust i denne planen då kulverten er innafør plangrensa»*

Vi viser vidare til avslag på dispensasjon for krav om områdeplan gnr 1/19 og 1/20 datert 18.04.2017 ref. 15/2570 17-7537. *«Førebels ligg kulverten mot Flatøy aust innanfor plangrensene som skal vurderast i samband med nytt kollektivknutepunkt. Statens vegvesen har i møte den 3.4.2017 orientert om at plangrensene vil bli endra, og at kulverten ikkje kjem til å liggja innanfor grensa. Grunngevnaden for dette er at det er usikkert kva vegsystem kulverten bør knytast til. Kulverten bør difor vurderast i ein områdeplanprosess»*

Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy skal *«skal også leggje opp til ei utbetring av det lokale vegsystemet på Flatøy, og planleggje for eit regionalt gang- og sykkelvegnett.»* Ei utviding av planområdet i sør må difor inkludera kulvert under E39 (ved Framo Flatøy AS) samt veg- og sykkelvegnett til Flatøy Aust/Sør.